



Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Møterom, Midsund sjukeheim
Dato:	03.04.2008
Tid:	15:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

Tema: Politikarane sine roller v/ordføraren

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 08/11	Underskrift	
PS 08/12	Godkjenning av protokoll	
PS 08/13	Referatsaker	
PS 08/14	Konstituering av rådmann	2008/181
PS 08/15	Orientering om økonomien	2008/172
PS 08/16	Skulestrukturen i Midsund 2008	2008/140
PS 08/17	Evaluering av administrativ struktur	2007/761
PS 08/18	Evaluering av politisk struktur	2008/182
PS 08/19	Godkjenning av reguleringsplan for Nord Heggdal 37/1	2007/170
PS 08/20	Arna Stølen - søknad om fritak som varamedlem i overformynderiet	2007/509
PS 08/21	Val av representant til styret i Midsund Slekt og historielag	2007/509
PS 08/22	Val av medlem og varamedlem til styret i GassROR IKS	2007/509

Midsund, 28.03.08

Helge Orten
ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 08/11 Underskrift

PS 08/12 Godkjenning av protokoll

PS 08/13 Referatsaker



Midsund kommune
Ordføreren

Arkivsak: 2008/181-1
Arkiv: 416
Saksbeh: Helge Orten
Dato: 28.03.2008

Saksframlegg

Konstituering av rådmann

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/26	Formannskapet	27.03.2008
08/14	Kommunestyret	03.04.2008

Forslag til vedtak:

Behandling i Formannskapet - 27.03.2008

Formannskapet drøfta konstituering av rådmann.

Formannskapet går inn for å leige inn/konstituere Gunnar Kvalsund som rådmann i inntil 6 måneder.

Ordfører og varaordfører får i oppdrag og forhandle fram ein avtale med Midsund Vekst A/S.

Samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet - 27.03.2008

Formannskapet går inn for å leige inn/konstituere Gunnar Kvalsund som rådmann i inntil 6 måneder.

Ordfører og varaordfører får i oppdrag og forhandle fram ein avtale med Midsund Vekst A/S.

Helge Orten
ordfører

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2008/172-2
Arkiv: 153
Saksbeh: Arild Sjøvik
Dato: 28.03.2008

Saksframlegg

Orientering om økonomien

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/15	Kommunestyret	03.04.2008

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram til drøfting

Saksutgreiing:

Rådmannen legg fram oversikt over den økonomiske situasjonen i Midsund kommune, samt ei liste over mogelege innsparingstiltak.

Arild Sjøvik
rådmann

Vedlegg (prenta): Notat

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Rådmannen

Arkivsak: 2008/140-3
Arkiv: A20
Saksbeh: Trygve Brunvoll
Dato: 18.03.2008

Saksframlegg

Skulestrukturen i Midsund 2008

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/24	Formannskapet	27.03.2008
08/16	Kommunestyret	03.04.2008

Forslag til vedtak:

Behandling i Formannskapet - 27.03.2008

Helge Orten (H) fremma følgjande forslag:

Midsund kommune legg ned Midøy skule, og elevane vert flytta til Raknes skule frå skulestart i august 2008.

Eventuelle branntekniske forhold ved ein auke i elevtalet må avklarast snarast råd.

Forslag fremma i møte vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet - 27.03.2008

Midsund kommune legg ned Midøy skule, og elevane vert flytta til Raknes skule frå skulestart i august 2008.

Eventuelle branntekniske forhold ved ein auke i elevtalet må avklarast snarast råd.

Saksutgreiing:

I budsjettvedtaket i desember 2007 gjorde kommunestyret følgjande vedtak:

”Rådmannen skal fremje eige sak i kommunestyret, der konsekvensane i dei foreslått endringar i skulestrukturen vert klarlagt. Det må særleg leggjast vekt på det pedagogiske tilbodet, det fysiske arbeidsmiljøet til lærarar og elevar og dei samla økonomiske konsekvensane. Dersom formannskapet si tilråding om at ein av skulane skal leggjast ned vert oppretthalden, må val av framtidig skule gjerast i same sak. Rådmannen vert bedt om å fremje denne saka så tidleg at endringar kan gjennomførast frå skuleåret 2008-2009.

Dei økonomiske konsekvensane av budsjettvedtaket var at småskulane samla sett skulle spare kr. 500.000,- i 2008, og kr. 1.200.000,- for økonomiplan perioden 2009-2011.

Det er vidare lagt inn ei investeringsramme på kr. 500.000,- for tiltaket.

Oversikt elevtal komande 5 skuleår

(Tabell 1)

(Per januar 2008)

Opplæringslova §8-2 Organisering av elevane i grupper:

”Gruppene må ikkje vere større enn det som er pedagogisk og tryggleiksmessig forsvarleg”.

Utgangspunktet er at kommunen står fritt til å organisere elevane. Tidlegare lovreglar om inndeling i klasser, aldersblanding og maksimale storleiken på klassene er fjerna.

I staden er det satt inn ein skjønsmessig regel om forsvarleg organisering av elevane.

Bestemmelsane i § 8-2 sett eit minimumskrav om ressursane kommunen må tildele kvar enkelt skule. Tidlegare klassedelingsreglar er framleis med og styrer ressurstildeling til den enkelte skule. Då stortinget vedtok §8-2 vart det i tillegg til lovreglane gjort følgjande vedtak:

Stortinget ber Regjeringa gjennom tilsynsordninga sjå til at opphevinga av delingstalet ikkje blir brukt som sparetiltak. "Klassedelingsstalet" skal ligge til grunn for minstenivå for ressurstildeling og etter at bestemminga om klassedeling er oppheva.

Når kommunen fordeler ressursar må den minst fordele den ressursen som ville ha følgd av den opphevede reglene om klassedeling.

Tidlegare delingstal:

1.klassetrinn	meir enn 18 elevar
2.-7. klassetrinn	meir enn 28 elevar
8.-10 klassetrinn	meir enn 30 elevar

For 1. klassetrinn setter §8-4 (oppheva) særskilte krav til lærarressursar:

”1.klassetrinn med meir enn 18 elevar skal ha to lærarar i kvar undervisningstime, Delar av undervisninga kan likevel givast av ein lærar dersom det vert kompensert i andre delar av undervisninga.

Undervisningsgrupper:

Kva som er pedagogisk forsvarlege undervisningsgrupper skal avgjerast ut frå mange forskjellige omsyn:

- Elevsamansetning; alder, kollektive og individuelle eigenskapar
- Talet på vaksne (lærarar, assistentar m.m.)
- Pedagogisk kompetanse hos dei vaksne
- Kva det skal gis opplæring i
- Arbeidsmåte
- Læremidlar og anna utstyr, innreing og lokalar

Eg ser at det kan vere vanskeleg å få til ei objektiv tilnærming til dette omgrepet, og at det kan vere ei fornuftig løysning å bruke dei gamle delingstala som utgangspunkt.

I tillegg er det lagt inn eit forslag om ei 50% pedagogstyrking i ein klasse som p.t. er 27 elevar for skuleåret 2009/2010.

Elevtalet for kvart klassetrinn vil normalt endre seg noko i og med at kommunen har til/fråflytting. Den totale ressursen for kvart klassetrinn må difor vere ei totalvurdering i høve kva andre ressursar som er knytt til det aktuelle klassetrinnet (enkeltvedtak/assistentressurs).

Eg finn det viktig å presisere at alle ressursar knytt til enkeltvedtak/assistent er haldt utanfor denne saka, då desse er uavhengig om det er ein samla skule eller ein delt skule.

For skuleåret 2008/2009 vil dette gi:

1. klasse	2 grupper (totalt 27 elevar)
2. klasse	1 gruppe (totalt 18 elevar)
3. klasse	2 grupper (totalt 30 elevar)
4. klasse	1 gruppe (totalt 22 elevar)

(tabell 2)

Val av skule

På bakgrunn i m.a. Midsund kommune sin svært vanskelege økonomiske situasjon finn eg ikkje at kommunen kan oppretthalde ein to skule- modell for 1-4. klassetrinn. Eg har lagt avgjerande vekt på følgjande kriterier for val av samla skule:

- Økonomi
- Elevarbeidsplass
- Lærararbeidsplass
- Skuleskyss
- Skulebygg

Økonomi:

Vel ein Midøy skule må ein pårekne auka skuleskyssutgifter. Dette var berekna til kr. 4.287,- pr. dag for skuleåret 2008/2009, tilsvarande om lag kr. 800.000,- på grunn av ekstraskyss.

I folkemøte på Midøy skule 10.mars vart det stilt spørsmål ved om dei ekstra skyssutgiftene var reelle. Torsdag 13. mars vart det av den grunn halde møte med Fjord 1 Buss ved Lars Nogva, Magne Opstad og Trygve Brunvoll for ei avklaring kring skyssproblematikken. Magne Opstad la fram alternativ skyssrute. Ideane stranda på at ein ved dette opplegget måtte sette inn ein ekstra buss for å få kabalen til å gå opp.

Kostnadene pr. dag som tidlegare vart sett til kr.4287,- pr. dag vart etter nøyare utrekning sett til kr. 5907,60 inkl. 8 % mva. pr. dag for hausten 2008.

I alternativet med Raknes skule er det ikkje vesentleg forskjell i skyssutgiftene slik det er i dag. Når det gjeld investeringar og andre kostnader er det ikkje vesentleg forskjell mellom skulane.

Elevarbeidsplass:

Undervisningsromma ved Raknes skule er jamt over større enn ved Midøy skule. Dette gjer at eg meiner skulen er betre egna for varierende gruppestorleik. Slik gruppeorganiseringa er tenkt vil alle rom vere innanfor 2,5 kvm per elev.

Totalt vil Raknes skule ha 7 klasserom + 2 grupperom. Eit klasserom på 75 kvm (brakke), og eit som kan vere opptil 98 kvm gjer skulen fleksibel i høve undervisningsform. Eg meiner Midøy skule har noko mindre fleksibilitet i høve romstorleik sjølv om brakka (75 kvm) og bruken av kjøkkenet gir forholdsvis store undervisningsrom. Etter dei nye planane som vart lagt fram vil Midøy skule få nye grupperom i 2. etasje på 28 kvm og 9 kvm, i tillegg til allereie eksisterande grupperom. Desse romma er no nytta til arbeidsrom for lærarar og kontor til rektor.

Lærararbeidsplass:

Det planlagde arbeidsrommet for lærarane er vesentleg større ved Raknes skule enn ved Midøy skule slik dei opprinnelege planane såg ut.

Raknes skule: 35 kvm + evt. 11 kvm = 46 kvm

Midøy skule: 28 kvm

I møtet på Midøy skule la rektor Jonas Storvik fram nye planar for rombruken, der mellom anna lærararbeidsplassane vert lagt til første etasje (noverande personalrom og helsesøsterrom). Samstundes vert rektors kontor flytta til 1. etasje ved sidan av arbeidsrommet til lærarane. Arbeidsrom for lærarar vil da bli 37 kvm.

Noverande personalrom vert lagt til lokale som Midøy familiebarnehage disponerer.

.

Skuleskyss:

Vel ein Raknes skule kan ein bruke det etablerte rutenettet som er etablert i dag. Ved val av Midøy skule må ein inn med ekstra skyss og endra skulestart/slutt. Ved val av Raknes skule får elevar på Midøy lengre skuleveg, mens elevane busett i Midsund sentrum ikkje får lengre skuleveg.

Ved val av Midøy skule vil totalt sett fleire elevar få lengre skuleveg.

Skulebygg:

Begge skulebygga er bygd og renovert i same tidsperiode. Ingen vesentleg skilnad på den grunnleggande standarden på bygga.

Ei skulesamanslåing kan gjennomførast på både Midøy og Raknes skule.

Begge skulane har sterke og svake sider i høve ei slik samanslåing, og eg vurderer bygga i følgjande oppsummering:

Midøy skule:

- Stor gymsal/garderobeløysning
- Stort skulekjøkken og fleksibilitet i 1.etg.
- Stort uteareal m/ballbinge
- Gode garderober og toalettrom
- Mindre areal pr. undervisningsrom
- Godt tilrettelagt areal for lærararbeidsplassar/pauserom
- Avhengig av nytt undervisningsrom 75 kvm
- Ikkje tilrettelagt for funksjonshemma i 2.etg
- God tilkomst og parkering

- Bra tilrettelagt for SFO

Raknes skule:

- Store og fleksible undervisningsrom
- Gode alternativ for skulekjøkken
- Godt tilrettelagt for funksjonshemma (heis/teleslynge)
- Godt utareal m/ballplass og ”gapahuk”
- Godt tilrettelagt areal for lærararbeidsplassar/pauserom
- Lite egna gymsal/kjellarrom
- Avhengig av nytt undervisningsrom 75 kvm
- Ikkje optimale garderobeløysningar
- Akseptabel parkering og tilkomst i skuletida
- Bra tilrettelagt for SFO

Oppsummering:

Å leggje ned ein skule er alltid ei vanskeleg sak i og med at det er sterke kjensler og tilhøyre knytt til lokalskulen. Slik er det og i Midsund kommune. Eg har stor respekt for den dugnadsinnsatsen som lokalsamfunnet har gjort for skulane og skulebygga i mange år.

Omsynet til kommunen sin økonomi må likevel vege tyngst i denne saka. Den alvorlege økonomiske situasjonen til kommunen gjer at ein må ta innsparingar der det er mogleg. Det vil Midsund kommune måtte gjere på mange ulike områder i tida som kjem.

Midsund kommune skal ta skuleeigarrolla på alvor og kommunen skal satse på ein god og framtidsretta skule. I dette ligg det og at ein må sørgje for at ein totalt sett får mest mogleg igjen for dei ressursane ein legg inn i skulen. Ei delt løysing som i dag er etter mi vurdering ikkje den beste løysninga. Som skuleeigar må kommune sørgje for at ressursane vert likt fordelt mellom elevane, og skal ein diskutere ressursar opp mot eit særskilt klassetrinn må dette trinnet vere samla. Eg finn det unaturleg at ressursane skal vere ulikt fordelt mellom elevane innanfor eit og same klassetrinn.

Midsund kommune vel å bruke dei ”gamle” normene for klassesdeling med tanke på ressurstildeling, samt at eg ser at det kan vere behov for å styrkje ein klasse på 27 elevar med ein 50% pedagogressurs når denne klassen kjem i 2.klasse.

Den totale ressurstildelinga samt det faktum at det er vesentleg færre elevar på onsdag og torsdag gjer at eg meiner at ei samla løysning er fullt ut pedagogisk forsvarleg.

Det er mange positive element ved ein felles skule. M.a. vert elevane samla allereie frå første klasse, eit felles læringsmiljø og pedagogisk plattform, betre utnytting av ressursane og fleire spesialpedagogar samla.

Eg ser og at det er negative sider ved ei slik løysing. Spesielt for dei elevane som med denne løysinga får ein lengre skuleveg. Det blir og totalt sett noko trongare, og samla sett ei større utfordring med tanke på logistikk. Det er heller ikkje noko optimal bygningsmessig løysning, men etter mi vurdering den best tilgjengelege løysninga per i dag.

Eg meiner at Raknes skule totalt sett er det beste alternativet for val av samla skule for 1.-4. klassetrinn. Skulen er det beste alternativet når det gjeld økonomi, særleg ut frå det faktum at etablerte skyssruter kan brukast som i dag.

Økonomiske og administrative konsekvensar:

Vedlagt tabell syner dei økonomiske konsekvensane ved ein samla skule.

Oversikt økonomisk innsparing samla skule:					
	Lærarressurs:	Administrasjon:	Svømming:	Badeskys:	Total:
Samla skule:	2 913 000	475 000	70 000	44 000	3 502 000
Midøy skule:	1 690 000	274 000	40 000	26 000	2 030 000
Raknes skule:	1 809 000	412 000	40 000	18 000	2 279 000
Innsparing samla skule:	(586 000)	(211 000)	(10 000)	-	(807 000)
		m/50% styrking klasse 27 elevar:			
Vårsemester:	(470 750)	(315 292)			
Hautsemester:	(336 250)	(225 208)			
Innsparing samla skule:	(807 000)	(540 500)			
Innsparing teknisk (nedlagt skulebygg):					
Grunnlag innsparing:			(382 000)		
Auke vask/straum m.m:			45 000		
Årleg innsparing teknisk:			(337 000)		
Investering i ekstra klasserom (brakke)					
	Total investering:		1 072 000		
	Tidligere innvilga ramme (budsjett 2008):		500 000		
	Nødvendig auke investeringsramme:		572 000		
	Auke renteutgifter	6 %	34 320		
	Auke avdrag:	40	14 300		
	Rente/avdrag:		48 620		
Prognose innsparing ved samla skule frå august 2008:					
	2008	2009	2010	2011	2012
Innsparing vår:	-	(470 750)	(315 292)	(315 292)	
Innsparing haust:	(336 250)	(225 208)	(225 208)	(225 208)	
Innsparing teknisk:	(65 417)	(337 000)	(337 000)	(337 000)	
Mømskompensasjon:	(114 400)	-	-	-	
renter/avdrag:	20 258	48 620	48 620	48 620	
Total innsparing:	(495 808)	(984 338)	(828 880)	(828 880)	-

(tabell 3)

Det kan og vere andre mindre innsparingar i høve utgifter som m.a. telefon, vikarutgifter m.m., og det kan vere behov for noko meir vedlikehald i samband med auke i elevtal. Saman vert desse momenta vurdert som ikkje vesentleg.

Dei økonomiske konsekvensane ved tiltaket i høve budsjettføresetnadane for budsjett 2008, må innarbeidast i budsjettendringsaka i April.

Trygve Brunvoll
Leiar oppvekst

- Vedlegg (prenta):**
1. Teikningar Raknes skule
 2. Teikningar/kart Midøy skule
 3. Teikningar Midøy skule, lagt fram i folkemøte
 4. Ressursbruk – Midøy skule
 5. Ressursbruk – Raknes skule
 6. Ressursbruk – samla skule
 7. Notat skulepaviljong klasserom
-
8. Grunnlag innsparing teknisk
 9. Notat – problemstillingar kring skyss og skysskostnader
 10. Alternativ skulerute/ Magne Opstad
 11. Referat frå møte om skulestruktur
 12. Teknisk : vurdering av tilstand på Rakne-Midøy skule
 13. Innspel om skule til formannskapet/Klubben ved Midøy skule
 14. Behandling i Ungdomsrådet
 14. Behandling i Kommunalt råd for funksjonshemma

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Personalkontoret

Arkivsak: 2007/761-1
Arkiv: 034
Saksbeh: Frank Westad
Dato: 05.02.2008

Saksframlegg

Evaluering av administrativ struktur

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/4	Administrasjonsutvalet	12.02.2008
08/10	Administrasjonsutvalet	11.03.2008
08/17	Kommunestyret	03.04.2008

Forslag til vedtak:

Evalueringa blir tatt til orientering.

Behandling i Administrasjonsutvalet - 12.02.2008

Behandling av saka blir utsett

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 12.02.2008

Behandling av saka blir utsett

Behandling i Administrasjonsutvalet - 11.03.2008

Samrøystes som forslag til vedtak

Vedtak i Administrasjonsutvalet - 11.03.2008

Evalueringa blir tatt til orientering.

Saksutgreiing:

Fra 01.01.06 ble sektormodellen forlatt til fordel for tonivåmodellen, eller såkalt flat struktur, med kun to ledernivåer. Rådmannen og enhetslederne (linjelederne) utgjør disse to ledernivåene. Mellomleddet med sektorledere (planområdelederne) falt bort. Vi har i dag følgende enheter: Teknisk, Helse, Sjukeheimen, Butenesta, Heimetenesta, Nord-Heggdal barnehage, Raknes barnehage, Midsund barnehage, Raknes skule, Midøy skule og Midsund skule. Det er stor variasjonsbredde når det gjelder enhetenes omfang (antall tilsatte og budsjett). Alle enhetslederne er representert på like fot i rådmannens ledergruppe sammen med stabsledere, og rapporterer direkte til rådmannen. I staben har skole og barnehage en egen fagrådgiver å spille på. Innen pleie og omsorg har enhetene ikke en slik fagrådgiver, derimot har de en egen merkantil tjeneste.

Dette karakteriserer tonivåmodellen:

- 1) oppdeling av tjenestene til resultatenheter
- 2) full delegasjon av myndighet til resultatenheter
- 3) fjerning av sektorleddet.

Ved å legge om strukturen til kun to ledernivåer ønsket en:

- at beslutninger tas nærmest brukerne
- formell myndighet til linjen
- presise ansvarsforhold
- bedre kommunikasjon/samhandling mellom rådmann og linjeledelsen
- rådmannen får bedre oversikt over driften
- bedre ledelse
- økt motivasjon hos linjelederne.

Hovedformålet med evalueringen er:

å få frem styrker og svakheter med nåværende lederstruktur i Midsund kommune.

Evalueringen skal avdekke hvordan den faktiske situasjonen (ny struktur) er opplevd blant de berørte. Evalueringen skal ikke komme med forslag til tiltak for å forbedre nåværende struktur. Slike tiltak vil en komme tilbake til senere. En forutsetter at medarbeidernes situasjon ikke har blir berørt av strukturendringen, derfor har ikke de fått uttalt seg.

Det kan være betenkelig å evaluere erfaringene med strukturen i underkant av bare to års drift. I tillegg har vi enhetsledere med i underkant av ettårs praksis med lederstruktur i Midsund.

Toppledere i større grad enn andre ledere, påvirker driften og organisasjonskulturen, og derved hvordan en kan oppleve at lederstrukturen fungerer. Derfor vil en rådmanns lederstil, atferd og holdninger påvirke hvordan lederstrukturen kan oppleves. Med dette menes at en lederstruktur kan oppleves praktisert ulikt avhengig av hvem som er rådmann til enhver tid. Dette må en være seg bevisst når lederstrukturen evalueres.

Evalueringen vil konsentrere seg om følgende punkter:

- 1) Enhetsledere i forhold til myndiggjøring og motivasjon
- 2) Koordinasjon og samhandling mellom enheter innen samme fagområde
- 3) Forholdet mellom stab/støtte og enhetene
- 4) Økonomiske betraktninger
- 5) Ledergruppens praksis
- 6) Forholdet til politisk nivå
- 7) Konklusjon.

1) Enhetsledere i forhold til myndiggjøring og motivasjon

Enhetslederne innehar et fullstendig driftsansvar, med arbeidsgiveransvar og økonomiansvar, i tillegg til fagansvar. På mange måter kan en si at enhetslederne har en rolle som "daglig leder" for sin enhet, med rådmannen som "styreformann". Enhetslederne opplever det som positivt med reell og formell makt og innflytelse, noe som skaper motiverte ledere. De erfarer å ha et stort handlingsrom, og de er langt på vei selvstendig i sin gjerning. Dette totalansvaret lå tidligere formelt hos sektorsjef. Beslutningsprosessen var derfor mer tidkrevende ved sektororganisering.

Årlig får enhetslederne et budsjett å forholde seg til. Dette er de økonomisk rammene for driften. Lederne kan omdisponere innenfor sitt eget budsjett. Midsund kommune har praksis for å ha en minimumsbudsjettering, som gjerne ikke fanger opp uforutsette tilfeller. Oppstår det uforutsette situasjoner som får økonomiske følger for driften, er tilbakemelding fra rådmannen at en må finne løsning innenfor egen budsjettramme. Alternativt (unntaksvis) er at det skjer en budsjettendring. Enhetslederne kan tidvis bli utsatt for krysspress. På den ene siden må de være lojale overfor rådmannen med å holde budsjettene, og på den annen side må de forholde seg til press fra brukere/pårørende/foresatte om bedre eller økte tjenester.

Modellen fører til at beslutninger tas raskere fordi enhetslederen kan beslutte selv. En risiko ved dette er at dette i teorien kan gå ut over kvaliteten på beslutninger, fordi det i den andre modellen i større grad lå til rette for å diskutere seg fram til en beslutning sammen med sektorsjef.

2) Koordinasjon og samhandling mellom enheter innen samme fagområde

Innen oppvekst (skole og barnehage) har rådgiver oppvekst overtatt ansvaret for koordinasjonen mellom disse fagenhetene, etter at oppvekstsjeffunksjonen falt bort. Innen pleie og omsorg er det ingen person som har en slik overgripende koordineringsrolle etter omleggingen av lederstrukturen. Imidlertid er det en form for samhandling mellom enhetene Sjukeheimen og Heimetenesta pga type tjenesteytelse. Innen enhet Helse har enhetslederen koordinasjonsoppgaven selv, her er flere fagfelt samlet (lege, helsesøster, jordmor, barnevern, psykiatrisk sjukepleie).

3) Forholdet mellom stab/støtte og enhetene

Stab/støtte sin hovedoppgave er i det vesentlige å yte støtte til enhetene. Men stab/støtte har også egne områder med selvstendig ansvar- og arbeidsoppgaver. Ved omlegging fra sektor

struktur til flat struktur, ble det diskutert hvilke oppgaver som burde ligge hvor, i stab eller i enhetene.

Valg av modell har liten betydning for virksomheten/rollen til sørviskontor, IKT, økonomikontor og personalkontor. Eneste endringen er at en nå har flere formelle ledere å forholde seg til mht opplæring, oppfølging, rådgivning og støtte.

Hva er de reelle endringene?

Hovedendringen dreier seg om at enhetslederne, som også var ledere i den forrige strukturen, har fått formell myndighet, i motsetning til tidligere hvor de "bare" hadde det faktiske ansvaret, og en del spørsmål og saker ble diskutert med sektorsjefen før beslutning ble fattet. Før lederne ble enhetsledere utførte de også den gang et relativt fritt og selvstendig arbeid. Det formelle ansvar mht tilvising, tilsetting, økonomi og budsjett lå hos sektorsjef.

Har enhetene fått flere arbeidsoppgaver?

På økonomifeltet har de fått det formelle ansvaret for budsjettarbeidet og oppfølging av budsjettet (økonomistyring).

På personalfeltet har enhetslederne fått tilsetningsmyndighet. Dette innebærer at de selv vedtar hvem som skal tilsettes, mot tidligere å framme en innstilling til personalsjefen. I enhetene skrives det nå midlertidige arbeidsavtaler ved endringer. Personalsjefen skriver fortsatt alle arbeidsavtalene (faste og midlertidige) som er knyttet til utlysninger. Lederne hadde også personalansvaret i den forrige strukturen.

Innen skole og barnehage har de en rådgiver i staben. Det er ikke overført arbeidsoppgaver fra hans fagfelt til enhetene. Rådgiveren har ansvaret for planarbeid og fagligutvikling, søknader/refusjon økonomiske midler og koordinering mellom enhetene, støtte ift budsjettarbeidet, dette i tillegg til lederansvar for voksenopplæringen, bibliotek, kultur, PPT og logoped.

Det er ingen endringer når det gjelder saksbehandling og plan- og utvikling.

Konklusjonen her blir at arbeidsoppgaver i liten grad er overflyttet fra stab til linje etter omorganiseringen. Dette er rasjonelt, fordi det er lite hensiktsmessig at alle enhetslederne læres opp på områder som en allerede har (spiss)kompetanse på i staben. I mindre kommuner er det helt normalt og effektivt å opprettholde en sentral stabs/støtte funksjon for å utføre stabsarbeid for enhetene.

Skole/barnehage har en fagrådgiver i stab i motsetning til pleie og omsorg, som i stedet har en merkantil stab. Denne fagrådgiveren erstattet langt på vei funksjonen til fagsjefen, slik at arbeidsoppgavene naturlig forble i staben.

Forståelsen mellom linje og stab hvor ansvar/myndighet og arbeidsutførelse skal ligge, er opplevd som rimelig klart, og dette fungerer relativt godt i dag.

Er det mulig å overføre arbeidsoppgaver fra stab/støtte til enhetene?

Tilbakemeldinger fra enhetene er at enhetslederne ikke har mer arbeidskapasitet til å påta seg flere nye (administrative) arbeidsoppgaver innenfor sine rammer. Flere administrative arbeidsoppgaver vil også gå utover det faglige ansvaret og lederrollen. Flere arbeidsoppgaver vil føre til krav om mer administrativ tid. Derfor faller en evt. økonomiske gevinst bort ved å flytte oppgaver fra stab/støtte til enhetene. Det er mer rasjonelt å beholde spisskompetanse innen økonomi, personal, IKT, oppvekst, og lignende i stab/støtte enn å øke mange ledes kompetanse på de samme områdene.

4) Økonomiske betraktninger

Omlegging til ny administrativ struktur var ikke motivert ut fra økonomi. Det ble uttrykt at dersom omleggingen fikk en økonomisk effekt, måtte en se på dette som en positiv bieffekt. Det er ikke helt enkelt å vurdere om den ene modellen er mer økonomisk gunstig enn den andre. Evalueringen har avdekt at mer myndighet gir mer motiverte ledere, og dersom en antar at følgen av dette blir bedre ledelse og mer effektiv ledelse, kan en kanskje oppnå en økonomisk gevinst, men dette er ikke helt målbart. Dersom det er mindre samordning og samhandling i nåværende modell, vil en kunne anta at dette kan medføre en økonomisk kostnad, men dette er heller ikke målbart.

Dersom en ser på de rent økonomiske utslagene ved omleggingen, er det en faktisk kostnad at samtlige elleve ledere fikk kr 6 000,- i lønnskompensasjon ved overgang til ny struktur og tittel som enhetsleder. Med sosiale kostnader utgjør dette i underkant av kr 100 000,- .

En kan vurdere hvorvidt enhetslederne jevnt over har hatt bedre uttelling under lønnsforhandlingene de to siste årene enn det de ville ha hatt som "vanlige" ledere. Dette er vanskelig å si noe eksakt om. Men en kan sammenligne lønnsveksten innen kapittel 3 (3.4.2), hvor enhetslederne hører til, med kapittel 5, hvor funksjonærene er plassert, over de to siste lønnsforhandlingene. Felles for disse kapitlene er at lønnsdannelsen skjer lokalt i Midsund. Disse kapitlene omfatter omtrent like mange ansatte. Snittet for kapittel 3 for 2006 og 2007 er en prosentvis lønnsøkning på 4,7 %, mot 5 % for kapittel 5. Dette innebærer altså at lønnsveksten har vært lavere for enhetslederne enn funksjonærene. Av dette kan en slutte at lønnsveksten etter ny struktur mest sannsynlig ikke er høyere enn den ville ha vært i gammel struktur.

Omleggingen har redusert antall lederstillinger med to. Det er stillingene som oppvekstsjef og omsorgssjef som har falt bort. I stedet for oppvekstsjef har vi fått rådgiver for oppvekst. For å vurdere den økonomiske effekten av at det er færre lederstillinger, må en se det i lys av endringer i den totale administrasjonstiden.

Når det gjelder administrasjonstid for ledere, er det omtrent ikke endringer. Mer administrasjonstid er en kostnad fordi dette (denne tidsressursen) må erstattes av medarbeiderressurser. Innen pleie og omsorg har det vært en reduksjon av administrasjonstiden med 20 %. Dette utgjør ca kr 100 000,- i årslønn, inkludert sosiale kostnader. Men, en kan ikke si at strukturen i seg selv har ført til endring av størrelsen på administrasjonstid totalt blant ledere.

En kan en ikke si at den ene organiseringen er mer kostbar struktur enn den andre. Gevinsten ved ny struktur må evt. knyttes til at den "styres" mer effektivt og rasjonelt på grunn av at ett administrativt ledd er fjernet.

5) Ledergruppens praksis

Rådmannen har to ledergrupper; lederteamet (rådmann, økonomisjef og personalsjef) og ledergruppen (lederteamet og enhetslederne). Evalueringen vil konsentrere seg om ledergruppen, dvs ledermøtet. Ledergruppens eneste forum og funksjon er ledermøtet.

Rådmannen ønsket å ha et forum hvor lederne samles jevnlig. Møtehyppigheten og hensikten med møtet har vært diskutert i ledermøtet over tid. Rådmannen ønsket å samle lederne hver 14.

dag, med en varighet på inntil to timer. Det ble satt opp en liste over møtetidspunkt og hvem som skulle føre referat. Det har også vært drøftet hvilke saker som hører hjemme på agendaen, og hvor mye plass informasjon burde ha i møtene.

Det har vært møteplikt til møtene, og oppmøtet har vært bra. Rådmannen har ledet møtene og informert om diverse. I rådmannens fravær har personalsjefen ledet møtene.

Normal agenda har sett slik ut:

- 1) Orientering fra rådmannen
- 2) ”Kysten rundt”
- 3) Enkelt tema

Lederne har tidvis orientert fra sine respektive enheter (”Kysten rundt”). Økonomisjef og personalsjef har hatt ansvar for de fleste temaene som har vært oppe på møtene. Det har vært ulikt engasjement rundt bordet, et mindretall har vært mer aktiv enn andre. Møteklimate har undertiden ikke vært spesielt godt. Engasjementet og klimaet på møtene har vært langt bedre når det har vært klare temaer med innledning. (Dette kan vel forklares med at nytteverdien har vært opplevd som bedre).

Utfordringer som følger av strukturen: dilemmaet mellom ansvar for enhet vs ansvar for helhet. I ledermøtet er det ledelse på kommunenivå, dvs overordnet ledelse og samordning, sette kurs, strategi og utvikling av kommunen som sådan, i motsetning til delfokus på de enkelte resultatenehetene.

Utfordringene for ledergruppen er å finne temaer som er av felles interesse for lederne. Her er opplistet eksempler på fellestema som har vært diskutert i ledermøtene:

- opplæring i administrative rutiner og reglementer på personalfeltet
- budsjett, økonomiplan og årsmelding
- medarbeidersamtaler
- HMS
- IKT
- varsling av kritikkverdige forhold
- arbeidsgiverpolitikk
- verdier & holdninger og omdømme
- medarbeiderkartleggingen
- lederutvikling (Ona og Kroa) – utvikling av lederreglene
- hjemmesiden
- evaluering av administrativ struktur.

For at ledergruppen skal fungere best mulig, er det viktig at en forsøker å bygge en god gruppekultur som virker samlende. Derfor har det vært gjennomført noen samlinger med overnatting utenfor kommunen.

Det er som regel lederteamet som setter agendaen på møtene, innspill på saker fra andre har nesten vært fraværende. Rådmannen har som regel sendt møteinnkalling/saksliste fredag.

I den grad ledergruppen beslutter, tar beslutningen form av å være uformell.

Oppsummering basert på innspill fra enhetslederne

- Ledergruppen har ikke noen formell myndighet
- De fleste opplever at det er nyttig, meningsfylt og positivt å møtes

- Det har blitt brukt for mye tid til informasjon fra enhetene
- Det må jobbes mer med innhold og struktur
- En får innblikk/oversikt i andre sine fagfelt/problemer og blir kjent med hverandre
- Positivt med utflukter og overnattingsamlinger
- Det bør være nok felles tema å jobbe med
- Fornuftig med referat, men mest aktuell dersom beslutninger fattes
- Lederne bør være flinkere til å bruke hverandre som veiledere
- Ok med en møtefrekvens på annenhver uke
- Informasjon som kommer fram på ledermøtet bør gå videre i organisasjonen
- Lagfølelsen er avhengig av møtehyppighet, antall deltakere og at temaene på møtene oppleves som felles og aktuelle
- Viktig at deltakerne spiller inn saker og tema
- Alle møtedeltakerne kan ha ansvar for å legge fram ulike temaer (presentasjon)
- Møtet bør være på Kommunehuset, men det er bedre lokaler på Sjukeheimen
- Positivt med gruppearbeid dersom det er saker som passer til det
- Møteleder må forsøke å aktivisere alle
- Sakslisten har kommet for sent, må sendes ut i god tid før møtet
- Møtetidspunktet (dag) må holdes og ikke utsettes
- Ønske om mer møtedisiplin – presis med å holde seg til agendaen.

Toppledere må ha en ledergruppe å spille på. Lederen bør tenke nøye gjennom hva en vil med en ledergruppe (formålet) og hvem som bør delta. Dette er en leders rett og privilegium. Men det vil ikke skade at ledergruppen selv diskuterer seg fram til hva den vil oppnå med møtet, hvilke saker gruppen skal arbeide med, arbeidsform, møteledelse og møtehyppighet.

- Møtehyppighet og sammensetning kan være avhengig av hvilken funksjon ledergruppen skal ha. En ledergruppe kan være konsulterende, besluttende, kreativ, rådgivende, strategisk, informativ, debatterende, oppgaveløsende, utfordrende osv.
- Ledergruppen er i største laget for å kunne arbeide strategisk og målrettet.
- Møtefrekvens bør være avhengig av gruppens størrelse. Gruppens størrelse påvirker hvor aktive medlemmene er.
- Ledergruppen kan fungere som en arena for gjensidig informasjon, læring, erfaringsutveksling, planlegging, utvikling av organisasjonen/individ, utvikling av praksis/rutiner/atferd/prinsipper/holdninger, debatt rundt aktuelle felles tema, oppmuntring/støtte osv. Beslutning kan også skje på felles/overordnede saker. Behandling av enkeltsaker eller gi/få råd om enkeltsaker kan også finne sted.
- Ledergruppen bør gjennomføre metakommunikasjon jevnlig, for på den måten å evaluere egen praksis.

Lederteamet bør ha som sin fremste oppgave å følge opp/veilede/støtte/målstyre/utvikle, tilrettelegge for og inspirere enhetslederne. Lederteamet må ha et overordnet, strategisk og generelt ansvar for kommunes samlede virksomhet.

6) Forholdet til politisk nivå

Samtidig som den administrative strukturen ble endret, ble de politiske hovedutvalgene nedlagt og erstattet med utviklingskomiteer, hvis formål var å utrede ulike saker og legge disse fram for kommunestyret. Ledere hadde tidligere kontakt med utvalgene ved at de skrev saker og møtte i utvalgene. Tilbakemeldinger fra enhetsledere viser at den direkte kontakten med folkevalgte var nyttig, og denne muligheten for å møte i utvalg og ha en hovedutvalgsleder å spille på er savnet. Det blir ellers vist til evaluering av politisk struktur.

7) Konklusjon

Ved flat struktur har en oppnådd:

- o Økt beslutningseffektivitet
- o Økt motivasjon hos lederne pga at de har fått delegert mer myndighet
- o Tydeliggjort og oversiktlig lederskap
- o Lederne tar et totalansvar for sin enhet
- o Bedre forutsetninger for økonomistyring
- o Økt direkte kontakt mellom rådmann og ledere
- o Bedre kommunikasjon i linje og mellom ledere
- o Gjennom ledermøter får enhetslederne innblikk i andre områder i organisasjonen.

Svakheter med flat struktur:

- o Enhetslederne signaliserer at de er ”seg selv nok”. De har fått ansvar for sin enhet, og dette oppdraget tillegges all oppmerksomhet (helhet viker for enhet).
- o Noe mindre koordinering
- o Mulighetene for gevinster knyttet til samordning er redusert i denne modellen
- o Mindre helhetstenkning
- o Ledergruppen er stor
- o Rådmannen må forholde seg til (følge opp) mange ledere.

Arild Sjøvik
rådmann

Frank Westad
Personalsjef



Midsund kommune
Ordføreren

Arkivsak: 2008/182-1

Arkiv:

Saksbeh: Helge Orten

Dato: 28.03.2008

Saksframlegg

Evaluering av politisk struktur

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/18	Kommunestyret	03.04.2008

Forslag til vedtak:

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak

Saksutgreiing:

Helge Orten
ordførar

Vedlegg (prenta): Notat av 27.03.08
Notat av 31.01.06

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til:



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2007/170-13
Arkiv: L12
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 11.03.2008

Saksframlegg

Godkjenning av reguleringsplan for Nord Heggdal 37/1

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/5	Planutvalet	27.03.2008
08/19	Kommunestyret	03.04.2008

Forslag til vedtak:

Reguleringsplana for Nord Heggdal med reguleringsføresegner datert 28.02.07 vert godkjent med følgjande endringar:

1. I § 2.1 om plassering av hyttepunkt, skal teksten om plassering strammast inn slik at krysset sitt midtpunkt må ligge innafor byggets yttergrense
2. I § 3.1 Fritidsbygg F5 skal flyttast 20 m mot nord aust og vere eit forretningsbygg for konferansar og overnatting.
3. I § 7.1 Tekst på privat veg skal forandrast til vegar. Tekst på vegar skal takast bort frå reguleringskartet.
4. Mellom småbåtanlegget og bygg F6 kan det settast opp eit lite bygg maks 15 m² for sløyning av fisk.
5. Skråningsutslag skal teiknast inn slik at ein ser om skråningane kjem i konflikt med Fv 202. Krysset med Fv 202 skal dimensjonerast som vegkryss og etter gjeldande reglar.

Behandling i Planutvalet - 27.03.2008

Magne Reiten (SP) fremma følgjande forslag til endring av pkt. 2:
...mot nord aust og regulerast med formål som forretningsbygg for konferansar og overnatting.

Forslag til vedtak med endring av pkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Planutvalet - 27.03.2008

Reguleringsplana for Nord Heggdal med reguleringsføresegner datert 28.02.07 vert godkjent med følgjande endringar:

1. I § 2.1 om plassering av hyttepunkt, skal teksten om plassering strammast inn slik at krysset sitt midtpunkt må ligge innafor byggets yttergrense
2. I § 3.1 Fritidsbygg F5 skal flyttast 20 m mot nord aust og regulerast med formål som forretningsbygg for konferansar og overnatting.
3. I § 7.1 Tekst på privat veg skal forandrast til vegar. Tekst på vegar skal takast bort frå reguleringskartet.
4. Mellom småbåtanlegget og bygg F6 kan det settast opp eit lite bygg maks 15 m² for sløying av fisk.
5. Skråningsutslag skal teiknast inn slik at ein ser om skråningane kjem i konflikt med Fv 202. Krysset med Fv 202 skal dimensjonerast som vegkryss og etter gjeldande reglar.

Saksutgreiing:

Vedtak om utlegging til offentlig innsyn blei vedteke i planutvalet i sak 07/10 den 13.03.07. Plandokumenta var utlagt til offentlig innsyn i perioden 22.03 – 04.05.07.

Det kom inn merknader frå Møre og Romsdal fylke, Statens vegvesen og Istad Nett AS.

Statens vegvesen:

Skråningsutslag er ikkje teikna inn, går ut frå at skråningane ikkje kjem i konflikt med Fv 202. Kryssa med Fv 202 skal dimensjonerast som vegkryss og gjeldande reglar.

Istad Nett AS:

Ingen kommentar til reguleringsplana, berre generell orientering.

Møre og Romsdal fylke:

Automatisk freda kulturminne

Automatisk freda kulturminne er ok i reguleringsplana.

Natur og miljøvern

Hytte F 5 gjev privatisering av området. Må takast ut av plana.

Vegen i overkant av friluftsområdet rundt F5 og F6 som går vidare nedover er definert som felles veg, hindrar ålmenta til å bruke veggen. Ber om at dette blir vurdert.

Samfunnstryggleik.

Møre og Romsdal fylke rår til at det vert gjennomført ei risiko- og sårbarheitsvurdering for å sjå på konsekvensane av reguleringsplana.

Planfagleg vurdering.

Reguleringsplana liknar meir på ei ordinær hytteplan, og ikkje som ei plan for hytter og turisme. I § 2.1 om plassering av hyttepunkt, bør teksten om plassering strammast inn slik at krysset sitt midtpunkt må ligge innafor byggets yttergrense.

Konklusjon.

Møre og Romsdal fylke finn av omsyn til det generelle strandsonevernet å reise motsegn mot hytta F5, jf. § 17- 2 i plan og bygningslova. Hytta må takast ut av planen for at friluftsområdet nærast sjøen skal fungere som eit område for ålmenta.

Det har vert synfaring med Ivar – Ole Mittet frå Møre og Romsdal fylke, Reidar Heggdal og teknisk den 26.11.08 for å finne løysing på motsegna. Den gangen kom vi ikkje til ei løysing.

Det har vor kontakt og diskusjonar mellom teknisk og Reidar Heggdal heile tida.

Den 11.01.08 hadde teknisk og Reidar Heggdal eit møte for å finne ei løysing på motsegna.

I møtet kom vi fram til ei løysing.

I planutvalsak 08/02 den 22.01.08 blei det gjort slikt vedtak:

” Planutvalet ber rådmannen å få til ei mekling/drøfting med Møre og Romsdal fylke for å finne løysing på motsegna av 03.05.07.

For Planutvalet er det viktig at bygget F5 er inne på reguleringsplana slik at reguleringsplana kan vere eit styringsverktøy for vidare utvikling av turistområdet.

Etter drøftingsmøte med MR fylke den 04.03.08 sendte Midsund kommune eit brev til MR fylke datert 07.03.08 :

Viser ref. 2005/230/IOMI/421.4/1545 samt til drøftingsmøte mellom Møre og Romsdal og Midsund kommune den 04.03.08 med Idar Møllsæter, Jon Ivar Eikeland og Ivar- Ole Mittet på Fylkeshuset.

Drøftinga gjaldt motsegn til reguleringsplana for Nord Heggdal over plasseringa av konferansehytte F5.

Konklusjon.

I møtet blei ein samde om at konferansehytte F5 skal flyttast 20 m lenger mot nordaust (småbåtanlegget).

Rådmannen i Midsund legg fram denne endringa når reguleringsplana skal opp til politisk godkjenning i mars/april.

Ber om at Møre og Romsdal fylke trekker motsegna mot reguleringsplana.

Vurdering:

Midsund kommune har teke i mot reguleringsplana og skal vidareføre den til godkjenning som ei kommunal reguleringsplan.

Statens vegvesen:

Skråningsutslag kan teiknast inn slik at ein ser om skråningane kjem i konflikt med Fv 202. Krysset med Fv 202 skal dimensjonerast som vegkryss og gjeldande reglar.

Møre og Romsdal fylke:

Natur og miljøvern

Midsund kommune har hatt samtalar og synfaring med Reidar Heggdal (RH) og Møre og Romsdal fylke v/ Ivar-Ole Mittet for å diskutere løysingar slik at området kan utviklast som eit turistområde som det er tenkt.

Det vanskeligaste er F 5 (som det er reist motsegn om) som ligg nær sjøkanten. Reidar Heggdal har tenkt F5 til konferanse ved større arrangement i kombinasjon med overnatting (sovesal) når det er behov for det. I reguleringsplana er F5 ei hytte og ikkje eit konferansebygg. Det er viktig for utvikling av turistområdet at konferansebygget F5 blir inne på reguleringsplana.

Vegen i overkant av friluftsområdet rundt F5 og F6 som går vidare nedover er definert som felles veg. Teksten på denne vegen i reguleringsplankartet skal takast bort, slik at alle vegar er utan tekst, eller som kjøreveg kode 310.

Samfunnstryggleik.

Ved ein gjennomgang av stoffet som er på heimesida til Statens Strålevern er det større bygningar (skolar, barnehagar etc.) nær høgspantlina som ein bør undersøkje kva feltnivå som kan oppstå.

I denne reguleringsplana er det berre fritidshus og større avstand frå byggja til høgspantledninga eller grensa som er på 7 m frå linja, ved 22 kV.

Det er utarbeida "Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarhet i samfunnsplanlegginga".

Konklusjon.

Midsund kommune bør be om mekling/drøfting med Møre og Romsdal fylke for å finne løysing på motsegna av 03.05.07.

Brannvatn

I området et det eit privat vassverk Nord Heggdal vassverk som leverer vatn til området. Det er ingen vassledning med stor nok kapasitet til brannvatn i området.

Evt. brannvatn må takast frå brannbil 2000 l eller frå sjøen. Dette er ein akseptabel løysing i forhold til brannobjekta i reguleringsområdet.

NB: har pt. ikkje fått svar frå MR fylke om dei trekkjer motsegna.

Konklusjon:

- Reguleringsplana for Nord Heggdal med reguleringsføresegner datert 28.02.07 vert godkjent med følgjande endringar:
 - o I § 2.1 om plassering av hyttepunkt, skal teksten om plassering strammast inn slik at krysset sitt midtpunkt må ligge innafor byggets yttergrense.
Kommentar : Innstramma er for å få til ei meir forutsigbar plan.
 - o I § 3.1 Fritidsbygg F5 skal flyttast 20 m mot nord aust og vere eit forretningsbygg for konferansar og overnatting.
Kommentar : Resultat etter drøfting med MR fylke etter motsegn. At bygget skal vere forretningsbygg har med seinare saksbehandling av store overnattingsbygg og dei konsekvensar det har.
 - o I § 7.1 Tekst på privat veg skal forandrast til vegar. Tekst på vegar skal takast bort frå reguleringskartet.
Kommentar : For å gjere området mindre privatisert.
 - o Mellom småbåtanlegget og bygg F6 kan det settast opp eit lite bygg maks 15 m² for sløyving av fisk.
Kommentar : Det innlevert ei "Melding om arbeid" med samtykke frå berørte naboar. Ser på dette som ei mindre endring som kan innarbeidast utan å leggje reguleringsplana ut på ny høyring.
 - o Skråningsutslag skal teiknast inn slik at ein ser om skråningane kjem i konflikt med Fv 202. Krysset med Fv 202 skal dimensjonast som vegkryss og etter gjeldande reglar.
Kommentar : Brev frå Stetens vegvesen av 16.07.08

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen

Arild Sjøvik
rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Merknader frå Møre og Romsdal fylke, Statens vegvesen og Istad Nett AS.
Reguleringsplan med føresegner
Sjekkliste for risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Ingen



Midsund kommune
Servicekontoret

Arkivsak: 2007/509-94

Arkiv: 033

Saksbeh: Ann Torill Vaksvik

Dato: 13.03.2008

Saksframlegg

Arna Stølen - søknad om fritak frå verv som varamedlem i overformynderiet

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/6	Valnemnda	27.03.2008
08/20	Kommunestyret	03.04.2008

Forslag til vedtak:

Arna Stølen får fritak frå sitt verv som varamedlem i overformynderiet.

Som nytt varamedlem i overformynderiet for perioden 2007 – 2011 blir valt:

Behandling i Valnemnda - 27.03.2008

Det vart fremma følgjande forslag :

Som nytt varamedlem i overformynderiet for perioden 2007 – 2011 blir valt:

Ann Heidi P. Orvik

Forslag til vedtak med tillegg fremma i møte samrøystes vedteke.

Vedtak i Valnemnda - 27.03.2008

Arna Stølen får fritak frå sitt verv som varamedlem i overformynderiet.

Som nytt varamedlem i overformynderiet for perioden 2007 – 2011 blir valt:

Ann Heidi P. Orvik

Saksutgreiing:

Arna Stølen har i brev av 04.03.08 søkt om fritak frå vervet som varamedlem i overformynderiet.

For perioden 2007 – 2011 har Midsund overformynderi slik samansetning:

Medlemar:

Oddleiv Gangstad

Eva Tangen

Varamedlemar:

Torbjørn Misund

Arna Stølen

Vurdering:

I tråd med valnemnda si innstilling legg rådmannen saka fram til vidare behandling.

Arild Sjøvik
rådmann

Ann Torill Vaksvik
førstesekretær

Vedlegg (prenta): Søknad datert 04.03.08

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Arna Stølen
Ny varamedlem



Midsund kommune
Servicekontoret

Arkivsak: 2007/509-95
Arkiv: 033
Saksbeh: Ann Torill Vaksvik
Dato: 17.03.2008

Saksframlegg

Val av medlem og varamedlem til styret i Midsund Slekt og historielag

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/7	Valnemnda	27.03.2008
08/21	Kommunestyret	03.04.2008

Forslag til vedtak:

Som Midsund kommune sitt medlem og varamedlem til styret i Midsund Slekt- og historielag blir valt:

Medlem:

Varamedlem:

Behandling i Valnemnda - 27.03.2008

Det var fremma følgjande forslag i møte:

Medlem: *Hallstein Solvang*

Varamedlem: *Inga Dyrseth*

Forslag fremma i møte vart samrøystes vedteke

Vedtak i Valnemnda - 27.03.2008

Som Midsund kommune sitt medlem og varamedlem til styret i Midsund Slekt- og historielag blir valt:

Medlem: *Hallstein Solvang*

Varamedlem: *Inga Dyrseth*

Saksutgreiing:

Under pkt. 4 i vedtektene for Midsund Slekt- og historielag står det mellom anna følgjande:

- styret: - Skal leie laget mellom årsmøta, arbeide for medlemsverving og har slik samansetting:
- leiar
- nestleiar
- sekretær
- kasserar
- eit medlem frå kvar arbeidsgruppe nedsett av årsmøtet
- eit medlem vald av Midsund kommune. Denne vert valt for den kommunale valperioden på 4 år

Oppvekst- og kulturutvalet handsama saka i møte 05.05.04 sak 04/007 og gjorde følgjande vedtak:

Leiar for oppvekst- og kulturutvalet er kommunen sin representant i styret for Midsund Slekt- og historielag.

Nestleiar i oppvekst- og kulturstyret er vararepresentant.

Vurdering:

I tråd med valnemnda si innstilling legg rådmannen saka fram til vidare behandling.

Arild Sjøvik
rådmann

Ann Torill Vaksvik
førstesekretær

Vedlegg (prenta): Vedtekter for Midsund Slekt- og historielag

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Medlem og varamedlem
Midsund Slekt- og historielag



Midsund kommune
Servicekontoret

Arkivsak: 2007/509-96

Arkiv: 033

Saksbeh: Ann Torill Vaksvik

Dato: 17.03.2008

Saksframlegg

Val av medlem og varamedlem til styret i GassROR IKS

Utvalsak	Utval	Møtedato
08/8	Valnemnda	27.03.2008
08/22	Kommunestyret	03.04.2008

Forslag til vedtak:

Som Midsund kommune sitt medlem og varamedlem til styret i GassROR IKS blir valt:

Medlem:

Varamedlem:

Behandling i Valnemnda - 27.03.2008

Det vart fremma følgjande forslag i møte:

*Midsund kommune sine alternative medlemmar til styret i GassROR IKS blir valt:
Johnny Hagset og Åshild B. Karlsen.*

Forslag fremma i møte samrøystes vedteke.

Vedtak i Valnemnda - 27.03.2008

Midsund kommune sine alternative medlemmar til styret i GassROR IKS blir valt:
Johnny Hagset og Åshild B. Karlsen.

Saksutgreiing:

I Selskapsavtalen for GassROR IKS står det i § 5 Styret og styrets samansetjing:

”Styret består av 6 medlemmer med personlege varamedlemmer – eitt medlem frå kvar eigarkommune. Krav til kjønnsamansetjing av styret går fram av IKS lova § 10, 1.ledd siste pkt.

Styremedlemmene/varamedlemmene veljast for to år der halvparten av medlemmene er på val kvart år.”

Vurdering:

I tråd med valnemnda si innstilling legg rådmannen saka fram til vidare behandling.

Arild Sjøvik
rådmann

Ann Torill Vaksvik
førstesekretær

Vedlegg (prenta): Selskapsavtale for GassROR IKS

Vedlegg (uprenta):

Særutskrift går til: Valt medlem og varamedlem
GassROR IKS